



JM Norge AS
Pb 178 Laksevåg
5847 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3975 - 14/15483

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
13.10.2014

Gbnr 23/509 - Løypetona - Pålegg om stans av arbeid i friområde

Administrativt vedtak. Saknr: 286/2014

Tiltakshavar/grunneigar: JM Norge AS
Ansvarleg søkjar: Tippetue Arkitekter AS
Heimel: Plan- og bygningslova (pbl.) § 32-4

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld:

Gjennom synfaring og oppmåling av reguleringsgrense mot friområde, er kommunen blitt kjent med at det er utført vesentleg terrenginngrep i friområdet, som ikkje er i samsvar med løyve til tiltak av 12.6.2014, DNT-sak 153/2014, om samla opparbeiding av utomhusareal innafor byggjefelt B2 i Løypetona.

Det vert vist til vedlagt førehandsvarselmed dokumentasjon om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt for arbeid i friområde i Løypetona, byggjefelt B2.

Som det kjem fram av førehandsvarselet, har Meland kommune har ikkje gjeve løyve til tiltak utanfor reguleringsplanen sine grenser for byggeområde. Kommunen kan heller ikkje sjå at nokon tiltak i dette området har vore omsøkt korkje permanent eller mellombels.

Kommunen legg til grunn følgjande brot på løyvet av 12.6.2014/ikkje omsøkte tiltak:

- Vesentleg terrenginngrep ved utfylling av stein- og jordmassar i regulert friområde mot sjø, jf pbl § 20-1 bokstav (k)

Ansvar:

Kommunen legg på bakgrunn av opplysningar i eigedomsregisteret til grunn at dykk er eigar av eigedomen. Det er eigar og ansvarleg søkjar sitt ansvar å syte for at reglane i plan- og bygningslova (pbl) vert halde.

Førehandsvarsel:

Pålegget er ikkje førehandsvarsla. Kommunen kan med heimel i pbl. § 32-4 gje stoppordre utan førehandsvarsel :

Om nødvendig kan plan- og bygningsmyndighetene gi den ansvarlige pålegg om stans av arbeid eller opphør av bruk med øyeblikkelig virkning. Slikt pålegg kan gis uten forhåndsvarsel. Om nødvendig kan plan- og bygningsmyndighetene kreve bistand av politiet for gjennomføring av pålegg om stans.

Kontakt med grunneigar/tiltakshavar:

Kommunen har vore i telefonkontakt med grunneigar/tiltakshavar og ansvarleg søkjar den 13.10.2014. Ved vedlagt e-post frå Meland kommune til JM Norge AS av 2.9.2014, vart det gjort merksam på at kommunen ville undersøke om arbeidet som pågår var i henhold til løyve og reguleringsplan. Ved svar motteke frå prosjektsjef Tor Stensaker same dag vart det opplyst at tiltakshavar/grunneigar ikkje kjende til slik arbeider, og vidare at:

«i den grad dette er skjedd må det gjelde midlertidig deponering av masser. Vi vil sørge for at dette blir ryddet opp i og at arbeidene gjennomføres innenfor de rammer det er gitt tillatelse til»

Kommunen vurderer saka som godt nok opplyst, jf. forvaltningslova § 17(1), og saka vert handsama etter dei opplysningar som ligg føre.

VURDERING:

Kommunen vurderer saka som godt nok opplyst, jf. forvaltningslova § 17(1), og saka vert handsama etter dei opplysningar som ligg føre.

Kommunen vurderer at tilhøvet er eit brot på pbl. § 20-1 bokstav (k) om søknadsplikt, jf. byggesaksforskrifta (SAK10) § [sett inn].

Kommunen vurderer at terrengingrepet er utført i strid med løyve av 12.6.2014, og heller ikkje er omsøkt eller godkjent i samband med rammeløyve på eigedomen.

Kommunen vurderer at det er naudsynt å gje stoppordre med omgåande verknad for å unngå fortsatt utfylling mot sjø i friområde og moglege uopprettleg skad på terrenget i friområdet og strandlinga.

Innsending av søknad i ettertid:

Det er høve til å sende inn søknad om løyve i ettertid. Søknaden vil bli handsama etter gjeldande plangrunnlag og regelverk, jf opplysningar i førehandsvarsel av d.d.

VEDTAK:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 32-4 vert det gjeve følgjand pålegg om omgåande stopp i arbeidet:

- **All utfylling i regulert friområde må stansast omgåande.**
- **Arbeidsstaden må sikrast forsvarleg.»**

Det ligg i kommunen sitt vedtak at stoppordren ikkje gjeld arbeid innanfor byggeområdet som skjer i samsvar med løyvet av 12.6.2014, jf situasjonsplan innstempla 19.5.2014. Dersom dei ulovlege arbeida ikkje vert stansa omgåande, vi kommunen vurdere stoppordre for heile tiltaket.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 14/3975.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Tippetue Arkitekter AS

Fanttoftvegen 44 5072

BERGEN

Mottakere:
JM Norge AS

Pb 178 Laksevåg 5847

BERGEN